

Referat frå 14. samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap



Foto: Harriet Olsen

Harstad 26.-28. august 2015



Onsdag 26. august

NETTVERKSMØTE

Stad: Trondenes Historiske Senter

Velkommen ved Ole J. Furset, direktør ved Sør-Troms museum og Marie Pettersson, koordinator for nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap.

Orienteringar frå dei ulike institusjonane

Alle deltakarane presenterte seg og fortalte kort kva dei arbeidde med og informerte om nyhende frå institusjonen sin.

Orienteringar frå nettverket

- Orientering frå samlinga for nettverksansvarlege Kulturrådet arrangerte i november 2014.
- Kulturrådet ved «Fagleg utval for kulturvern» innarbeider immateriell kulturarv som eit særskilt satsingsområde i sin områdeplan for 2015-2018.
- *Norsk museumstidsskrift* – nett-tidsskrift for museumsforskarar med akkreditering av vitskapelege publiseringsskanalar. Kjem ut med første nummeret hausten 2015. Publiseringsskanal: idunn.no
- Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) – fusjon av bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
- Bondens kulturmarksflora for Midt-Norge er lagt ut på Artsdatabanken si heimeside.

Orienteringar frå Akershusmuseet ved Mari Marstein

Primus for levende samlinger – Mari orienterte om status for prosjektet. Utarbeiding av bakgrunnsmateriale (som skriftlege rutinar for å ta imot levande samlinger og kravspesifikasjon) er gjennomført. Det som står att er å utforma sjølve programmet. Det

er ønskje om å få ta systemet i bruk, men søknaden til kulturrådet om midlar har vore avslege dei siste to åra.

Organisering av Hageforum i Akershusmuseet

Akershusmuseet er bygd opp av 19 avdelingar der fleire har hagar. Det er oppretta eit hageforum for dei som har målretta museumstanke bak planting og skjøtsel av hagane. Mari er leiar for forumet og har også ein viktig rolle som rettleiar og utvikling av hagar ved museet. I arbeidet er det viktig å vita kvifor ein har hage og kva ein skal ta vare på. Utarbeiding av forvaltingsplanar og skjøtelsplanar for ulike hagar er eit viktig satsingsområde. Før Akershusmuseet går i gang med det arbeidet skal dei gje ut hefte om hagane.

Orientering frå Miljødirektoratet om aktuelle tema ved Dordi Kjersti Mogstad

Det er mange som jobbar med kulturlandskap på Miljødirektoratet, og dei er plasserte fleire stadar i organisasjonen. Ein finn dei m.a. naturavdelinga, arts- og vannavdeling og Statens Naturoppsyn. For å styrka naturforvaltninga ser Miljødirektoratet fordelar med å ha musea som samarbeidspartnarar. Område som musea er sterke på er t.d. kunnskap om handlingsboren tradisjon, dokumentasjon av tradisjonelt bruk, innhenting av kunnskap (kjelder, intervjueteknikk m.m.), formidling og synleggjering.

Det var gått igjennom fleire døme innanfor t.d. verneområde, nasjonalparkar, utvalde kulturlandskap i jordbruket og utvalde naturtypar om korleis Miljødirektoratet jobbar, status og der ein ser moglegheiter for samarbeid med musea.

Orientering om Miljødirektoratet sine tilskotsordningar. Det er tilskotsordningar til trua naturtypar og artar, der det kan gjevast pengar til skjøtelsplanlegging, informasjonstiltak, praktiske tiltak, kartlegging m.m. Det er søknadsfrist 15. januar kvart år. Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev ut rundskriv om desse.

Forskrift om framande organismar vert gjeldande frå 1.1.2016. Føremålet er å hindra innføring, utsetting og spreieing av framande organismar som medfører eller kan medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet. Nokre planter er det forbod mot å innføra, omsetje og setje ut (vedlegg 1 i forskrifta) andre planter er søknadspliktige (vedlegg 2 og 3 i forskrifta). Nøkkelord i forskrifta er aktsemd. Miljødirektoratet jobbar no med utfyllande rettleiingsmateriale og søknadssystem.

Handlingsplan

Sidan sist samling har nettverket arbeidd med revisjon av handlingsplanen. Framlegg til revidert plan var ute på høyring fram til 1. august. Det kom inn to innspel/ merknader:

Liv Byrkjeland, SNO Luster: innspel med kopling til den internasjonale konvensjonen om biologisk mangfald: Konvensjon om biologisk mangfald (Riokonvensjonen) artikkel 10 punkt c og naturmangfaldlova §8.

Morten Rasmussen, Genressurscenteret: fokus på autentisitet ved bruk av plantemateriale, moglegheit for informasjonsutveksling og gjensidig informasjonsspreieing.

Planen og innspela vart handsama på nettverksmøtet. Planen vart vedteken med følgjande endringar:

- Kapitel I: nytt avsnitt; 1.1 Bakgrunn, grunngeving og historikk . Dette kapitlet må seia noko om Riokonvensjonen og generelt seie noko om andre relevante

konvensjonar, nasjonale mål etc. Kort historikk til nettverket og når handlingsplan vart utarbeidd o.l.

- Kapitel III første avsnitt siste setning vart endra til:
Kulturlandskapsnettverket ynskjer å legga ei vid tolking av kulturlandskapet til grunn for arbeidet for å inkludera flest mogleg. Per i dag har det vore størst vekt på landbruket sitt kulturlandskap og hagar.
- Kapitel IV, 4.2 Delmål: Ordlyden i punkt 2 og 4 vert endra til:
 - Arbeida for å auka kunnskapen og kompetansen om kulturlandskap inkludert den immaterielle kulturarven med vekt på handlingsboren kunnskap.
 - Etablere og bevare representative kulturlandskap på museumsgardar og friluftsmuseum
- Kapitel IV, 4.2 Delmål: Det vart sett inn eit nytt punkt:
 - Arbeida for auka bruk av historiske genressursar og kulturbetinga biologisk mangfald.
- Kapitel V, siste kulepunkt: ordet «kulturlandskapsvernet» vert bytta ut med «kulturlandskapsforvaltninga»
- Ordlyden i kapittel 5.1 vert endra til «Kontaktpunkt til andre nettverk»
Kapitel 6.5 siste setning: arbeid med forvaltningsplanar/skjøtelsplanar vert lagt til.
- Kapitel 6.6 siste setning vert endra til: ...bevaring og utvikling av kulturlandskap.

Samarbeidsprosjekt Pga. tidsmangel vart dette punktet utsett til neste møte.

Ymse

Fagtur: Det vart presentert ein fagtur til Romania 12.-21. august 2016. Lengde og kostnad kan vera ein avgrensa faktor for nokre museum. Tilbodet om fagtur vart godt motteke og nettverket ynskte å gå vidare med opplegget.

Nettverksmøte: Pga. fagturen vert nettverkssamlinga mindre omfattande i 2016. Den vert lagd til Norsk Folkemuseum, Oslo i månadsskiftet januar/ februar. Knytt til samlinga vert det også lagt eit møte i hagegruppa.

Båttur med Anna Rogde

Anna Rogde er verdas eldste seglande skonnert og utgjer ei eiga avdeling på Sør-Troms museum. Anna Rogdes Venner har som føremål å støtta opp om bevaring og drift av skuta.

Me fekk ein flott kveldstur i havområdet utanfor Harstad med orientering om historia til Anna Rogde. Historia dreidde seg både om frakt i tre generasjonar, familien Rogde, seglas til fjerne strok og Anna Rogde som «museumsbåt».



På segltur med Anna Rogde. Det vart teke eit og anna bilete av solnedgangen...

Foto: Harriet Olsen

Torsdag 27. august

EKSKURSJON

Stad: Kvæfjord

Omvising i Harstad ved *Øystein Normann*.

Holstgården, Harstad. Ein hage som har sitt opphav frå ein rik familie i Harstad. Den siste levde der til 1920-talet. I dag er det ein privat hage, men mykje av det gamle er framleis synleg. I hagen har ein utnytta struktur og terreng ved hjelp av terrassar og trapper. Det er sett opp eit lysthus. Lysthuset er nytt, men det er ikkje usannsynleg at det tidlegare har vore eit slikt bygg der. Hagen er planta med mange tradisjonelle kulturplanter.



Arkitektur i Harstad

- Mange av murhusa er i Jugendstil
- På 60-talet sette arkitekt Jan Inge Hovig preg på mange bygningar, t.d. Harstad kyrkje.
- Trehusa er ofte prega av sveitserstilen
- Seljestad er kjent for sine edellauvre. Eldst er eit 150 år gammalt almetre.

Byen vart i stort sett spart under 2. verdskrigen.

St. Elisabeth Her låg tidlegare eit katolsk nonnekloster, og i perioden 1920-72 var det sjukehus. Det er framleis att noko av klosterhagen som låg her.

I 1993 var museet med på eit prosjekt for å ta vare på hagen. På denne tida var det ein hage bygd opp etter klassisk mønster med fontene

og bed i symmetriske mønster. Det var og ein kjøkenhage. I dag er det i stort sett berre urtehagen att, resten er vorte omdisponert til parkering.

Kulturlandskap i Kvæfjord. Kultursti Skallan – Rå ved *Arne-Johan Johansen, styreleiar Sør-Troms museum og Frode Hansen, avdelingsleiar Regionsmuseet, Sør-Troms museum*.



Før vi byrja på kulturstien fortalte Arne-Johan litt om Kvæfjord. Både om krigen då området var sterkt kringsett men også om utgravingar og funn frå m.a. bronsealderen.

Kulturstien Skallan – Rå går i ei sørvendt skråning. Frå mellomalderen til midt på 1800-talet voks busetjinga her fram rundt fire gardstun. Ved utskiftinga vart mange hus flytta frå klyngjetuna og til der det nye bruket låg. Rydningsarbeidet førte også til etablering av mange og lange steingardar opp til utmarka.

Klemma er eit utmarksstykke. På grensa mellom innmark og utmark låg sommarfjøsen og opp til utmarka gjekk ei fegate. Kvinnfolka gjekk opp på kvelden for å mjølka og ned att neste dag. Fjøsa var i bruk til ca. 1960. Fellesskapet har vore viktig, også langt etter at stølsdrifta vart avvikla.

Stien er merka med «Fotefar mot Nord». Regionsmuseet har ansvar for vedlikehald av stien. I år har det vore ein større oppryddingsprosess der ein m.a. har merka stien betre og utarbeidd nye skilt. Museet har eit samarbeid med speidarane som har gjort mykje praktisk arbeid. Området vert beita.



Hemmestad brygge ved Karin Lillevold, formidlar Hemmestad brygge.

I samband med lunsjen fekk vi orientering om stadens historie. Det er ein gamal handelsstad. Handelen starta alt på slutten av 1700-talet men var som størst midt på 1800-talet då den hadde ein sentral plass i Kvæfjord. Når trafikken vart landbasert og gjekk langs vegar vart Hemmestad ein utkant og gjekk i konkurs i 1904. Det vart drive krambu fram til 1954. I 1985 byrja Kvæfjord kommune med restaureringsarbeid og i 1991 opna den gamle handelsstaden som museum. I dag er den ein del av Regionmuseet, Sør-Troms museum og har sommarope for turistar.

Vi hadde også tid til å sjå på utstillingane og dei andre husa på eiga hand.

Storjorda ved Ole J. Furset, direktør Sør-Troms Museum.

Storjorda er ei markebygd, dvs. ei bygd med samisk busetnad. Både reindriftssamisk, jordbrukssamisk og kanskje også sjøsamisk busetnad har truleg vore til stades her i ulike periodar. «Markesamar» er eit eige omgrep når samane gjekk over frå reinsdrift til å leva av jordbruk, dvs. til fast busetnad. Ved Storjorda er det tufter etter eit stort tal gammer av mange typar og storleik. Det er også spor etter åkrar, åkerreiner, rydningsrøyser, kjølegroper m.m. Området framvisar mellom anna eit tilnærma heilskapleg bilete av ein gamal kulturform.

Tidlegare skepsis mot samar i landsdelen har gjort at det er få kjelder som viser attende på deira aktivitet og kultur. Det har også ført til at det var vanskelegare å få til eit samarbeid og synleggjering av området. Prosjektet vart mindre enn først tenkt og det vart stilt visse krav. I dag er området skilta med eit hovudskilt og åtte mindre skilt der ein har fokusert på tufter og strukturar av ulik karakter.

Middag på restaurant «De 4 roser». Harstad er kjent for sine mange gourmetrestaurantar og nettverket vitja ein av desse på kvelden. Attende på hotellet kunne vi skimta nordlyset.



Fredag 28. august

TRONDENES KULTURLANDSKAP

Stad: Trondenes Historiske Senter

Omvising på Trondenes ved Ole J. Furset,
direktør Sør-Troms Museum

Siste dagen vart vi betre kjent med Trondenes historiske senter og kulturlandskapet dei arbeider med. Museet har teke eit stadig større areal av uteområdet inn i formidlinga si og med det følgjer restaurering og skjøtsel. Dei har eit kulturlandskap som i tid strekkjer seg over eit par tusen år.

Stiftsgården er ein stor kvit bygning som tidlegare var prestegard. Men historia til staden strekkjer seg lenger attende i tid. Det var ein gard her alt på slutten av bronsealderen. Pollenanalysar viser at det ved år 0 var ein storgard. På 1000-talet var det høvdinggard. Typisk for Nord-Noreg er danningar av gardshuagar der ein finn kulturlag på kulturlag. I området er det 2 m ned til steril grunn.



Gruppa på ei tuft etter eit naust som kan ha husa eit langskip med rom for 90 mann...

Vikingtid. Få stadar har så mange skriftlege kjelder frå vikingtid som Trondenes. Ei viktig kjelde er Snorre Sturlasson sine kongesoger. På Trondenes fekk vi ein god og levande sogefortelling om korleis slaget ved Stiklestad eigentleg byrja her. Vi fekk høyre om Sigurd Toresson, ein av dei store håloyghøvdingane, og slekta hans. Om Asbjørn Selsbane og om onkelen hans, Erling Skjalgsson. Om Tore

Hund og sverdet han fekk i fjæra, det same sverdet som seinare vart brukt til å drepa Olav Haraldsson på Stiklestad. Om langskip (krigsskip) rusta med 90 mann o.l. Alle desse sogene vart vi levande fortalt i det same miljøet som dei vart utspela. Saga, natur og kulturminne i terrenget har klåre likskapar.

I området finst fleire nausttufter og gravrøyser i ulik utforming og plassering. I eldre jarnalder låg graver gjerne mellom hus medan dei i vikingtida var flytta utanfor bustadområdet. Gravene vart og generelt større.

Området har høg nasjonal verneverdi og Trondenes var kandidat til utvalte kulturlandskap i jordbruket, men har førebels ikkje vorte med. For å synleggjera tuftene vert området klipt som plen ca. tre gonger i året. Ein har valt det framfor beite for unngå problem med gjerde, avføring etc. I 2012 fekk ein EU-midlar til å fjerna ein del skog. Det første ein rydda var krattskogen som hadde kome opp langs sjøen.

Landskapsvernområde Laugen fekk statusen sin i 1995 for å ta vare på fuglelivet i området. Fotograf Anders B. Wilse var her i 1905. Bileta hans syner eit snaubeita landskap. No er det mykje meir skog. Attgroing, kanskje spesielt med tromsøpalme, er noko av det dei har streva med.

I landskapsvernområdet ligg også ein tørrbakke med mange varmekjære artar. Her veks m.a. villauk, vill-lin, gjeldkarve og rundskolm. I enga er det også ruiner frå krigen. På Trondenes låg leir for soldatar, offiserar o.l.

Fylkesmannen har utarbeidd ein skjøtelsplan for landskapsvernområdet med ulike skjøtselstiltak på dei ulike delane. Museet får

tilskot frå regionalt miljøprogram (RMP) for skjøtsel. Nokre område vert beita. Museet har eit godt samarbeid med bønder og leiger villsau og sida trønder- og norlandsfé. Museet har mange fordelar av denne ordninga. Tørrbakken vert slege seint i juli. Ein lat graset ligge ein dag eller to før det vert fjerna. I dag nyttar ein tohjuls slåmaskin, men ein vurderer å byrja slå med ljà.

Russefangeleir. Trondenes har mange kulturminne frå krigen, nokre som også har vonde minne knytt til seg. Leiren for russiske krigsfangar var ein av dei største og verste i Noreg. Bak doble piggtrådgjerde vart opp til 1200 fangar stua saman i enkle finerbrakker. Dårlege hus, dårlege klede, låge matrasjonar og hardt arbeid fekk fatale følgjer for mange fangar. For å få ferdig påbyrja arbeid var tyskaner nøyddde å auka matrasjonen noko og det vart sett opp eit avlusingshus.

Mange russarar døyddde og vart gravlagde på Trondenes. Her var ein eigen kyrkjegard. I 1951 skulle alle russiske graver samlast på ein stad i Noreg, på Tjøtta i Helgeland. Flyttinga vart kalla «operasjon asfalt» ettersom lika vart frakta i asfaltsekker. I alt 403 lik vart flytta frå

Trondenes. I dag er det ikkje nokre spor etter den russiske kyrkjegarden, men det er sett opp eit minnesmerke.

Leiren vart brent etter krigen og naturen fekk ta over. Dei siste åra har museet gjort eit stort arbeid for å rydda fram kulturminna. Det har vore ein stor jobb med hogging og stubbefresing. Det er også opparbeidd ein sti med skilting. Leiren er ein del av kulturmiljøfredinga på Trondenes. Ein har fått midlar frå fylkesmannen til prosjektet.

Trondeneskyrkja er eit sterkt symbol på kristning i Nord-Noreg. Den første kyrkja kom i 1114 e.Kr. Når dagens kyrkje er bygd er usikkert, men ein reknar med at den stod ferdig på 1400-talet.

Vi fekk omvising i kyrkja av *Mona Høydahl*. Ho fortalte m.a. om historie, dei tre alterskåpa, sakristia, forskingsarbeid og museet si formidling av kyrkja.

Utstilling. Etter omvisinga ute kunne vi på eiga hand sjå på utstillingane inne på Trondenes historiske senter.

Nettverket vart avslutta med lunsj.

